

Slik gjer du når du stemmer i den kommunen der du står i manntalet:

Slik stemmer du i eit vallokale i heimkommunen din, anten du stemmer på førehand eller stemmer på valdagen.


1. Ta stemmesetelen til det partiet / den gruppa du vil stemme på.




2. **Viss du vil** kan du gjere endringar på setelen, rettleiing står på stemmesetelen.



3. Brett saman stemmesetelen med partinamnet inn og feltet for stempling ut! Då kan ingen sjå kva du har røysta. Konvolutt eller anna omslag skal ikkje nyttast fordi røystesetelen skal stemplast.



4. Gå til valfunksjonæren for å bli kryssa av i manntalet og få stempel på utsida av setelen. Stemmesetelen må ha stempel for å bli godkjent.



5. Legg sjølv den stempla stemmesetelen i valurna.

